

Vanylven kommune
Kommunestyret

Sak 0002/05

**KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT OG FRILUFTSLIV 2004
HOVUDRULLERING**

Sakshandsamar: Grethe Ervik
Arkivsaksnr.: 04/00485

Arkiv: 143 C2

Saksnr.:	Utval	Møtedato
0124/04	Formannskapet	15.06.04
0065/04	Livsløpsutvalet	01.12.04
0113/04	Kommunestyret	20.12.04
0002/05	Kommunestyret	10.01.05

TILRÅDING:

Livsløpsutvalet tilrår:

Kommunestyret godkjenner kommunedelplan for anlegg for idrett og friluftsliv slik han ligg føre. Det same gjeld den prioriteringa som er sett opp i prioritert liste under kapitel 10.

SAKSOPPLYSNINGAR:

Plan for anlegg for idrett og friluftsliv er eit viktig dokument for lag og organisasjonar i Vanylven kommune. Ei hovudårsak til dette er at alle lag som søker om tippemidlar må ha sine planar nedfelt i dette dokumentet. Det er eit krav for å få tildelt tippemidlar.

Kultur –og oppvekstkontoret fekk i oppdrag å foreta ei hovudrullering av planen før utgangen av 2004. Ei årsak til at dette var særleg viktig, var å få innlemma Åram krins på ein fullverdig måte. Dette er fyrste hovudrullering sidan Åram vart ein del av Vanylven kommune. Ei nemnd vart foreslått og politisk godkjend. Nemnda besto av Arvid Brudevoll (leiar i idrettsrådet), Egil Strand (Åram IL), Målfrid Rindal (NHL Vanylven), Harald Bjarne Thunem og Grethe Ervik (frå administrasjonen). Alle relevante lag og organisasjonar i Vanylven kommune fekk brev om hovudrulleringa. I tillegg vart det sett inn ei annonse i Synste Møre 1.7.2004. Frist for innlevering av forslag, behov, planar o.a. vart sett til 20. august 2004. Då fristen var gått ut hadde det kome inn 11 innmeldte behov til planen.

Etter fleire møter har nemnda kome fram til eit forslag til endeleg plan. I dette forslaget har ein også sett opp ei prioritert liste. Denne lista er basert på søknadene Vanylven kommune har fått inn i forhold til utdeling av tippemidlar for neste år (2005). Totalt er det kome inn 5 slike søknader innan fristen som var 10. november. For ballbingen ved Åram skule var det også søkt i år, men tiltaket vart då sett på andre plass og fekk ikkje tilskot.

VURDERING:

Det har vore gjort grundig arbeid med planen. Alle har hatt høve til å kome med innspel. Det har vore særleg viktig for nemnda å få med Åram på ein fullverdig måte. Det har også vore eit viktig poeng å få med planar som kan gagne menneske med eit handicap (grus/ asfaltbelagte turstiar o.l.).

I det store og heile ser planen ut til å vere eit godt dokument i forhold til vidare utvikling av idrett og friluftsliv i Vanylven kommune. Som og framgår av planen manglar det ein del kostnadsrekning på uprioriterte tiltak i Handlingsplanen (pkt 9.1.3, 9.1.4 og 9.1.5 side 35) Dette vert det nok rikeleg høve til å komme tilbake til ved seinare rulleringar.



PLAN FOR ANLEGG FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET



FOR VANYLVEN KOMMUNE



Kommunedelplan for anlegg for idrett og friluftsliv

Innholdsliste:	Side
1 INNLEIING	1
1.1 Generell utvikling i forhold til aktivitet	1
<i>1.1.1 Barn 6-12 år</i>	<i>1</i>
<i>1.1.2 Ungdom 13-19 år</i>	<i>2</i>
<i>1.1.3 Vaksne</i>	<i>2</i>
1.2 Samband mellom idrett og friluftsliv	2
2 PLANARBEIDET	3
2.1 Bakgrunnen for planen	3
2.2 Formålet med planen	4
2.3 Nemnd og mandat	5
2.4 Arbeidsmåte	5
2.5 Status for planperioden 1999-2004	5
<i>2.5.1 Ordinære anlegg</i>	<i>5</i>
<i>2.5.2 Nærmiljøanlegg</i>	<i>6</i>
<i>2.5.3 Friluftsanlegg</i>	<i>6</i>
<i>2.5.4 Rehabilitering</i>	<i>7</i>
2.6 Åram	7
<i>2.6.1 Lag og organisasjonar knytt til fysisk aktivitet</i>	<i>7</i>
<i>2.6.2 Eksisterande anlegg og tiltak (1999)</i>	<i>7</i>
<i>2.6.3 Registrerte aktivitetar</i>	<i>8</i>
<i>2.6.4 Meir uorganisert fritidsaktivitet</i>	<i>8</i>
<i>2.6.5 Registrering av vnske om utbyggingstiltak</i>	<i>8</i>
2.7 Hovudrullering 1998	8
3 MÅLSETTING FOR ANLEGGsutbygginga i VANYLVEN KOMMUNE	9
3.1 Hovudmål	9
3.2 Delmål	9
4 AVKLARING AV SENTRALE OMGREP	10
4.1 Omgrep i forhold til anlegg	10
<i>4.1.1 Idrettsanlegg</i>	<i>10</i>
<i>4.1.2 Nærmiljøanlegg</i>	<i>10</i>
<i>4.1.3 Kommunale anlegg</i>	<i>10</i>
<i>4.1.4 Fylkesanlegg</i>	<i>10</i>
<i>4.1.5 Riksanlegg</i>	<i>11</i>
4.2 Omgrep i forhold til aktivitet	11
<i>4.2.1 Idrett</i>	<i>11</i>
<i>4.2.2 Friluftsliv</i>	<i>11</i>
4.3 Aktivitetar i laga 2004	11
<i>4.3.1 Idrettslaga (tilslutta NIF)</i>	<i>11</i>
<i>4.3.2 Skyttarlag</i>	<i>12</i>

5 ANALYSE AV BEHOV FOR ANLEGG, OMRÅDE OG FYSISK AKTIVITET 13

- 5.1 Idrettsanlegg 13**
- 5.1.1 Fotball 14*
- 5.1.2 Volleyball 14*
- 5.1.3 Handball 14*
- 5.1.4 Basketball 15*
- 5.1.5 Tennis 15*
- 5.1.6 Badminton 15*
- 5.1.7 Friidrett 16*
- 5.1.8 Ski 17*
- 5.1.9 Orientering 18*
- 5.1.10 Symjing/ dykking 18*
- 5.1.11 Anlegg for skøyteløp 18*
- 5.1.12 Sportsskyting 19*
- 5.1.13 Motorsport 19*
- 5.1.14 Golf 19*
- 5.1.15 Andre idrettar 19*
- 5.2 Anlegg for skyting 19**
- 5.2.1 Sundnes skyttarlag 20*
- 5.2.2 Syvde, Sandnes og Fiskå skyttarlag 20*
- 5.2.3 Dalane skyttarlag 20*
- 5.3 Anlegg/ område for friluftsliv 21**
- 5.3.1 Turgåing i nærmiljøet 21*
- 5.3.2 Fjellturar 22*
- 5.3.3 Skiturar 22*
- 5.3.4 Bær –og sopplukking 22*
- 5.3.5 Naturstudiar/ naturfotografering 23*
- 5.3.6 Bading og soling 23*
- 5.3.7 Båtliv 23*
- 5.3.8 Sportsfiske 25*
- 5.3.9 Jakt 25*
- 5.3.10 Sykkelturar 25*
- 5.3.11 Rideturar 25*
- 5.3.12 Annan leik og mosjon 26*
- 5.3.13 Ekstremспорт 27*
- 5.3.14 Hytter 27*
- 5.3.15 Snøscooter 27*

6 AREALBEHOV 28

- 6.1 Arealbehov –nærmiljøanlegg 28**
- 6.1.1 Nærmiljøanlegg, Åram skule 28*
- 6.1.2 Turstiprosjekt på Fiskå 28*
- 6.1.3 Tursti langs Åheimselva 28*
- 6.1.4 Tursti frå Sandvikdalen- Branda 28*
- 6.1.5 Veg heilt ned til Vikavatnet på Slagnes 28*
- 6.1.6 Klatrevegg, Olivinhallen 28*
- 6.1.7 Skileikområde, Øverberg skisenter 28*
- 6.1.8 Skileikområde i tilknytting til skulane 28*
- 6.1.9 Skitrase, Øverberg-Rota 28*

6.2	Arealbehov –friluftsliv	29
6.2.1	<i>Sandviksanden</i>	<u>29</u>
6.2.2	<i>Kart, informasjonstavler, vegvisarar, stadnamnmerking</i>	<u>29</u>
6.2.3	<i>Gapahuk på austsida av Brudavikvatnet/ rehabilitering og oppgradering</i>	<u>29</u>
7	MILJØ OG ESTETIKK	30
7.1	Mål	30
7.2	Tiltak	30
8	DRIFT OG VEDLIKEHALD	30
8.1	Økonomistyring	30
9	HANDLINGSPROGRAM	33
9.1	Handlingsprogram, kortsiktig del for 2004-2008 – prioritert liste	33
9.1.1	<i>Ordinære anlegg</i>	<u>33</u>
9.1.2	<i>Nærmiljøanlegg</i>	<u>33</u>
9.1.3	<i>Rehabilitering</i>	<u>34</u>
9.1.4	<i>Anlegg for skyting</i>	<u>34</u>
9.1.5	<i>Friluftsanlegg</i>	<u>34</u>
9.2	Handlingsprogram, langsiktig del 2004-2014	35
9.2.1	<i>Ordinære anlegg</i>	<u>35</u>
9.2.2	<i>Anlegg for skyting</i>	<u>35</u>
9.2.3	<i>Friluftsliv</i>	<u>36</u>
9.2.4	<i>Rehabilitering</i>	<u>36</u>
10	VANYLVEN KOMMUNE SI PROSJEKTPRIORITERING FOR 2005	37



1 INNLEIING

Vanylven kommune ligg ytst på Sunnmørskysten på grensa til Sogn og Fjordane. Det er fleire bygder i kommunen –kommunesenteret Fiskå, Åheim, Rovde, Åram, Sylte, Eidså og Syvde. Innbyggjartalet var 3820 pr 1.1.2003.

Åram vart innlemma i Vanylven kommune ved årsskiftet 1999/2000. Eit av måla for denne hovudrulleringa er difor å innlemme Åram på ein fullverdig måte.

Det er store moglegheiter for eit allsidig friluftsliv i Vanylven. Turterrenget ligg rett utanfor stovedøra for dei aller fleste av innbyggjarane. Dei mange fjellvatna i kommunen gir god tilgang til ferskvannsfiske og lakseelvane på Åheim og i Syvde er mykje brukt. Det er mange lag og organisasjonar som er representert i Vanylven, men fotball, volleyball, jakt og fiske er dominerande interesser.

1.1 *Generell utvikling i forhold til aktivitet*

I eit nasjonalt perspektiv er det sterke indikasjonar på at befolkninga sin livsstil og aktivitetsvanar går i ei meir fysisk passiv retning. Undersøkingar viser at den store endringa skjer i perioden 15-25 år. Livsstilen ser deretter ut til å feste seg og varierer lite fram til pensjonsalder. Den mest kritiske fasen er mellom 17 og 20 år, då andelen av fysisk aktivitet aukar med 24% (Breivik & Vaagbø, 1999).

Samfunnsutviklinga har dei siste tiåra endra villkåra for barn sin uteaktivitet, særleg i nærmiljøet. Barn og unge brukar stadig meir av oppveksttida si i institusjonar (barnehage, skule o.l.) i staden for i og rundt heimen. Skulestart for 6-åringar og innføring av skulefritidsordninga har forsterka denne utviklinga. Barnehage, skule og SFO er i dag kanskje dei viktigaste arenaer for barn sin leik og fysiske aktivitet.

1.1.1 Barn 6-12 år

Barn er mindre fysisk aktive enn tidlegare. Ein 10-12 åring set om lag 3 timar framfor fjernsynet, video eller datamaskina kvar dag. Transport med bil/buss til skule, barnehage og fritidsaktivitetar aukar. Barn som er aktive i eit mangfaldig utemiljø tileignar seg teoretisk



lærdom lettare, får betre konsentrasjonsevne og betre motorikk enn barn som for det meste er i eit sterilt utemiljø.

1.1.2 Ungdom 13-19 år

Stadig færre ungdom deltek på organiserte aktivitetar og er medlemmer av idrettslag. Norden ligg svakast i Europa når det gjeld avsett tid til kroppsøving dei 12 fyrste skuleåra.

1.1.3 Vaksne

29% av dei vernepliktige strauk i 98/99 på forsvaret sin kondisjonstest, 3000 m løp. 53% av innbyggjarane over 15 år er fysisk aktive og stadig fleire blir meir aktive. Bekymringa ligg i at stadig fleire også vert heilt inaktive. Belastningslidingar kostar det norske samfunnet om lag 40 milliardar kr. i året. Frå 1960 åra og fram til 1999 auka vekta på menn (40 år) med 9,1 kg. Tilsvarande tal for kvinner er 3,7 kg.

1.2 Samband mellom idrett og friluftsliv

Fysisk aktivitet vert i stor grad brukt som ein fellesnemnar mellom den ikkje konkurranseprega idretten og friluftsliv. Alle gå-, jogge-, ski –og sykkelturar m.m. i naturområde kan skildrast som både idrett og friluftsliv, avhengig av motivet til den som utfører aktiviteten. Aktivitetar i naturområde vert ofte utøvd av store delar av befolkninga og inneber i regelen ikkje kostbare invisteringar.

Delar av breiddeidretten og delar av friluftslivet har fått klarare fellestrekk dei siste åra, og samarbeidsrelasjonane er blitt fleire og sterkare både lokalt og på nasjonalt plan.

Konkurransetidretten er avgrensa til ”dei beste”, og varer berre ei kort periode i livet.

Friluftsliv og anna form for fysisk aktivitet kan drivast av alle, uansett alder og kondisjon.

Barneidrett må vere basert på leik og friluftsliv. Idrettsutøvarar i alle aldrar bør ha friluftslivet å falle tilbake på når dei ikkje lenger driv med konkurranseidrett. Forskjellen mellom idrett og friluftsliv er ofte knytt til krav til fysisk prestasjonsnivå. Nokre idrettar har sterke band til friluftslivet, t.d. turmarsjar, orienteringsløp, skiorientering, terrengløp, langrenn, turlangrenn, skiskyting, hundekøyring, roing, padling og segling.



Friluftslivet har i høg grad nytte av eit samarbeid med idretten ved at merking av løyper og tilrettelegging av friluftsområde ofte vert utført av idrettslaga.

Idretten og friluftslivet bør samordne det haldningsskapande arbeidet. For å utnytte felles behov mellom brukargrupper er det viktig å samordne planlegginga av friluft –og idrettsanlegg i skog og mark.

Fysisk aktivitet kan vere eit viktig virkemiddel i helsefremmande og forebyggande arbeid. Regelmessig fysisk aktivitet kan fremme livskvalitet og helse og kan i mange samanhengar gi positiv helseeffekt. Fysisk aktivitet kan også redusere risiko for utvikling av sjukdom. For utsett ungdom kan særleg utfordrande idrettar vere ei erstatning for narkotika –og alkoholmisbruk.

Dei mest vanlege helseproblema samfunnet står ovanfor i dag er muskel –og skjelettlidingar, hjerte –og karsjukdommar, psykiske lidningar og forskjellige former for kreft. Aktiv eigeninnsats, deriblant regelmessig fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv handlar om å gi moglegheiter til kvardagsaktivitet for alle grupper. I tillegg kjem moglegheiter for organisert og eigenorganisert aktivitet i fritida. Dette tyder at alt frå arealdisponering og kommunal planlegging til den kunnskapen befolkninga har om fysisk aktivitet i relasjon til helse, er relevant for fysisk aktivitet i eit folkehelseperspektiv.

2 PLANARBEIDET

2.1 *Bakgrunn for planen*

Plan for anlegg og område for idrett og friluftsliv har desse måla som bakgrunn:

- Vanylven skal skape tilhøyr og opplevelse
- Alle barn og unge i Vanylven skal få ein trygg og god oppvekst
- Ein må ta vare på livs –og ressursgrunnlaget
- Ein må også sikre tilbod til menneske med ymse handicap

I 1993 sette Kulturdepartementet fram krav om at kommunane innan utgongen av 1994 skulle utarbeide tematisk kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv (rundskriv



V-7/93 og V-35/93). Kommunedelplanen skulle vere eit styringsverktøy ved tildeling av kommunale/ fylkeskommunale tilskot og tippemidlar. Det er eit krav for tildeling av tippemidlar at eit prosjekt er skildra i denne planen.

Stortingsmelding nr. 14 (1999-2000) "idretten i endring" understreker behovet og nødvendigheita av kommunale/ fylkeskommunale planar for fysisk aktivitet (idrett og friluftsliv). Ved sidan av å vere ein styringsreiskap ved tildeling av spelemidlar, er dei i meldinga lagt vekt på at dette ikkje skal vere einsidige anleggsplanar. Idrett er i denne meldinga splitta opp i omgrepa organisert idrett og eigenorganisert fysisk aktivitet. Friluftsliv inngår her i omgrepet fysisk aktivitet.

Stortingsmelding nr. 39 (2000-2001) "Om friluftsliv" peiker på at alle i sin kvardag skal ha gode høve for å drive friluftsliv som helse – og trivselsskapande naturvennleg aktivitet.

Kommunedelplanen vart fyrste gong utarbeidd og godkjend i 1994. Sidan dette har planen vore rullert fleire gonger, siste delrullering var våren 2004.

Det er fleire punkt som gjer at ein no skal ta føre seg heile planen på nytt. Mellom anna har Åram blitt ein del av Vanylven og må få sin plass i kommunale planverk.

2.2 Formål med planen

Kommunedelplanen for anlegg og område for idrett og friluftsliv i Vanylven skal ha som formål å:

- gjennomføre ein plan –og målstyrt utbygging av anlegg og tilrettelegging av område for idrett og friluftsliv
- gi god koordinering i høve til andre anlegg og aktivitetar innan friluftsliv og kultur
- sikre areal for leik, friluftsliv og idrettsaktivitetar og samordne behova for desse
- følgje opp konsekvensar for areal og anlegg ut frå rikspolitiske retningslinjer for barn og unge
- betre mulegheitene for finansiering av utbyggingskostnader
- utvikle gode opplegg for drift og vedlikehald



- avklare kommunen og organisasjonane sine oppgåve, ansvar og økonomiske forpliktingar ved utbygging og drift av anlegg og område for idrett og friluftsliv

2.3 Nemnd og mandat

Oppnemning av plannemnd vart gjort av formannskapet 15.6.2004 – sak 0124/04:

Nemnd:

Arvid Brudevoll (Syvde IL, leiar i idrettsrådet)

Egil Strand (Åram IL)

Målfrid Rindal (NHL Vanylven)

Grethe Ervik (Vanylven kommune)

Harald Bjarne Thunem (Vanylven kommune)

Mandat:

- registrering av anlegg, aktivitet og planar
- prioritert handlingsprogram for utbygging dei næraste åra
- utarbeide den endelege planen

2.4 Arbeidsmåte

I fyrste omgong vart det sendt ut brev til idrettslaga. Styret i idrettsrådet meinte dette var for snevert og ein sendte difor ut brev også til bygdelag, grendelag, krinsstyre og velforeiningar, idrettslag, skyttarlag, helselag og handicapforeiningar. Ei melding om hovudrulleringa vart sett inn i Synste Møre (1.7.2004) og frist for innmelding av behov og planar vart sett til 20 august.

2.5 Status- planperioden 1998-2004

2.5.1 Ordinære anlegg

- 1 Garasje/ varmestove, Øverberg skisenter. Tiltaket er fullført.
- 2 Grusbane/avlastningsbane, Åheim. Det er bygt kombinert fotball -/ skuleidrettsbane på 40 x 70. Tiltaket er fullført.
- 3 Lysløype, Øverberg skisenter. Tiltaket er fullført.



- 4 Lysløype, Duestøylen, Åheim
- 5 Lys i slalombakken på Øverberg skisenter. Tiltaket er fullført.
- 6 Klubbhus, Lilleeide skytebane – tiltaket er ferdig
- 7 Klubbhus, Eidsåvoll – konkrete planar låg ikkje føre i 1998
- 8 Klubbhus, Åheim Stadion – konkrete planar låg ikkje føre i 1998
- 9 Idrettshall på Åheim – Olivinhallen er ferdigbygd og vart teken i bruk sommar/haust 1998
- 10 50 m bane for miniatyrskyting/ 25 m bane pistol feltbane, Syvde sportsskyttarlag – konkrete planar låg ikkje føre i 1998

2.5.2. Nærmiljøanlegg

- 1 Nærmiljøanlegg, Åheim skule. Tiltaket er ferdig.
- 2 Nærmiljøanlegg, Myklebust. Tiltaket er ferdig.
- 3 Lysløype, Prestemarka, Åheim – anlegget er flytta p.g.a. utviding av A/ S Olivin (no: North Cape Minerals) sitt industriområde. I 1998 låg det planar føre om å flytte lysløypa til området i tilknytning til Olivinhallen
- 4 Skileik-område, Øverberg skisenter, Syvde – ikkje konkrete planar i 2004

2.5.3. Friluftslivsplanlegg

- 1 Parkeringsplass, Årskogdalen, Rovde – det låg føre planar for utviding i 1998
- 2 Vidnessand-prosjektet, Sylte. Vegen er bygd delvis med kommunale midlar. Ryddig m.m. er utført.
- 3 Nordalssetervegen, Nordal grunneigarlag – blir vurdert som eit næringstiltak. Ikkje aktuelt med tilskot eller spelemidlar.
- 4 Parkeringsplass, Almklovdalen – parkeringsplassen er bygd
- 5 Parkeringsplass, Øverberg skisenter, Syvde. Tiltaket er fullført.
- 6 Parkeringsplass, Vikefjellet, Slagnes. Tiltaket er fullført.
- 7 Parkeringsplass, Ripsdalen, Syvde. Tiltaket er fullført.
- 8 Kart, info-tavler, vegvisarar, stadsnamnmerking. Idrettsrådet har stått for prosjektet i forhold til turkart. Turkarta er ferdig og mange er selde. Prosjektet har gått med overskot. Nokre info-tavler treng fornying.



2.5.4 Rehabilitering

- 1 Symjebassenget, Myklebust skule, Syvde
 - a) rehabilitering – rehabiliteringa er fullført.
 - b) handicaptilpasning; arbeidet vart igongsett i 1998, tiltaket er fullført
- 2 Symjebassenget, Åheim skule – ikkje konkrete planar i 1998
- 3 Skuleidrettsplassen, Syvde, standarheving. Planar var utarbeidde i 1998.
Skuleplassen er no så godt som ferdig med mellom anna ballbinge og sandvolleybane. Det er i tillegg planar om badmintonbane.

2.6 Åram

Åram vart lagt under Vanylven kommune ved overgangen til år 2000. Åram er difor ikkje med i hovudrulleringa i 1998. I hovudrulleringa av same plan i Sande kommune kan ein lese dette i forhold til Åram:

2.6.1 Lag og organisasjonar knytt til idrett og fysisk aktivitet

- Åram IL – hadde i 1999 220 registrerte medlemmar
- Åram skyttarlag – hadde i 1999 7 medlemmar
- Åram båtlag – hadde i 1999 26 medlemmar frå Åramområdet
- Klovningsvika småbåtlag – hadde i 1999 30 medlemmer frå midtre del av Hakalle
- Sandvik småbåtlag hadde i 1999 30 medlemmer frå søre del av Hakalle

2.6.2 Eksisterande anlegg og tiltak (1999)

- Åram IL/kommunen – MKA – grusbane fotball, 70x100 m, med lysanlegg ved Åram skule
- Kommunen – MKA – gymsal, 10x20 m
- Hakallestranda husmorlag – NA – Leikeplass
- Åram småbåtlag – FA – småbåtanlegg, 15 båtplassar
- Klovningsvika Småbåtlag – FA – småbåtanlegg, 20 båtplassar



- Sandvika småbåtlag – FA – småbåthamn, 30 båtplassar
- Brandalsfjellet veglag – FA – fjellveg m/ parkeringsplass v/ Brandalsfjella turområde
- Sandviken veglag – FA – fjellveg m/ parkeringsplass

2.6.3 Registrerte aktivitetar

- Åram IL – har 6 fotballag, 2 trimgrupper, fjelltrim

2.6.4 Meir uorganisert fritidsaktivitet

- Dagstturområde – Sandvikvatnet, Nystøylhornet, Børevatnet, Brandalsfjella
- Båttut fart – Bjørlykkeskjeret, Krabbesetifluda, Åramsundet, Nystøylfluda, Haugsfjorden, Haugsholmen, Frekøya
- Sandviksanden, Sætreviksanden, Klovningsvika

2.6.5 Registrering av ynske om utbyggingstiltak

- Grasbane – fotball – 64x105 m (Åram IL) – Åram IL sine planar om grasbane er svært usikre. Ein hovudgrunn til dette er eit sportsleg samarbeid med Van Kam FK om A-lag fotball. Dette laget spelar sine kampar på Eidsåvoll. Åram IL har ikkje kome med nye innspel om utbygging av grasbane ved Åram skule. Det ligg føre stadfest reguleringsplan for dette området, som gjev grunnlag for ei eventuell vidareføring av planane.
- Klubbhus/ reiskapshus 60 m² (Åram IL)
- Brandalsfjellet turområde – informasjonstavle/ merking av turløyper/ bord og benkar v/ parkeringsplassen (grendalaget, grunneigarlaget, idrettslaget)
- Børevatnet – opparbeiding /vinterparkeringsplass (Grendalaget, grunneigarlaget, idrettslaget)
- Sandviksanden badeplass – parkeringsplass/ sanitæranlegg (grendalaget/ småbåtlaget. Innmeldte behov –dei mest påtrengande behova på desse stadane er tilrettelegging av parkeringsareal og sanitæranlegg forutan sikring av nødvendige ferdsel –og bruksrettar for ålmenta. Badehus/sanitæranlegg ved sanden var under arbeid i 1999.



2.7 Hovudrullering 1998

I F-sak 65/98 vart det vedteke å sette i gong hovudrullering av planen. Igangsettinga av arbeidet og organiseringa av dette skulle vere i samsvar med Plan –og bygningslova § 9-1, 2 og 3. Rulleringa vert difor annonsert i Synste Møre og Sunnmørsposten i slutten av april, der det vart bede om at dei lag og organisasjonar som kunne ha innverknad på rulleringa av planen, tok kontakt med kulturkontoret. P.g.a manglande respons, vart det sendt brev til aktuelle lag, organisasjonar og institusjonar i september 1998, der det vart bede om innspel til planen.

3 MÅLSETTING FOR ANLEGGsutbygginga i kommunen

3.1 Hovudmål

”idrettspolitikken i Vanylven kommune skal vere basert på prinsippet om idrett og fysisk aktivitet for alle, slik at innbyggjarane i kommunen kan drive idrett og friluftsliv ut frå føresetnader, behov og interesser”

3.2 Delmål

- Gi innbyggjarane i Vanylven gode forhold for idrett, friluftsliv og anna fysisk aktivitet
- Kommunen har eit særleg ansvar for å tilretteleggje aktivitet for barn og unge i deira eige nærmiljø
- Leggje til rett for ein tenleg anleggsstruktur ut frå behov, folketal og drift/vedlikehald. Anleggsutbygginga og tilrettelegginga bør difor planleggjast ut frå eit firedelt oppbyggingsmønster:
 - 1 Ordinære idrettsanlegg for idrett og mosjonsprega aktivitetar som dekkjer behovet for ein eller fleire idrettar. Gjeld både utandørs –og innandørsanlegg, og omfattar også lags -/ klubbhus i tilknytning til anlegga, og utstyr som er med på å gjere anlegga meir brukarvennelege (t.d. lysanlegg)
 - 2 Nærmiljøanlegg for leik og annan fysisk aktivitet i nærmiljøet. Slike



anlegg kan lokaliserast på eit eige nærliggjande område, eller inn til eit skule –og/eller idrettsanlegg og då primært med tanke på uorganisert idrettsleg aktivitet.

- 3 Friluftslivanlegg som er med på å motivere folk til opphald og aktivitetar i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving. (t.d. fotturar, skiturar, jakt, fiske, bading, båtturar og bærturar.) Gjeld utbygging av anlegg og tilrettelegging for friluftaktivitetar.
- 4 Rehabilitering av idrettsanlegg som skal gi ei vesentleg, funksjonell og bruksmessig standarheving i høve til noverande situasjon. Kan også vere inngrep i struktur og utforming av anlegget for å tilpasse det til nye funksjonar og bruksområde.

4 AVKLARING AV SENTRALE OMGREP

4.1 Avklaring av omgrep i forhold til anlegg

4.1.1 Idrettsanlegg

Eit område , ein stad eller eit anlegg som på grunn av utforming og plassering eignar seg for idrettsleg aktivitet. Dette inkluderer område og anlegg for mosjonsprega aktivitetar og friluftsliv, som ballplassar, turstiar og turvegar, badeplassar, leikeplassar, friområde, gymnastikksalar, trimrom m.m.

4.1.2 Nærmiljøanlegg (NA)

Eit enkelt anlegg for fysisk aktivitet som ligg i eller i tilknytning til skule –og/eller bustadområde, og som ein integrert del av dette. Anlegget er mein for dei som bur i bustadområdet, og skal ivareta behova for trim og friluftaktivitetar for alle aldersgrupper, også dei yngste sine leikebehov.

4.1.3 Kommunale anlegg (KA)

Anlegg som dekkjer behova for konkurransar etter gjeldande reglar på lags –og kretsplan, og som dekkjer behovet for ein eller fleire idrettar for heile eller ein større del av kommunen.



Nemninga "kommuneanlegg" tyder altså ikkje at det er kommunen som eig anlegget.

3.1.4 Fylkesanlegg

Fylkesanlegga vert lokaliserte, dimensjonerte og utforma slik at dei tilfredsstillar krava for å arrangere norske meisterskap og/eller dekkjer spesielle konkurranse/treningsbehov for heile fylket eller ein region i fylket. Fylkeskommunen har egne reglar og set egne krav til godkjenning av slike anlegg.

4.1.5 Riksanlegg

Anlegg for ein særiddrett med ein standart som gjer det muleg å arrangere internasjonale meisterskap. Standaren set også krav til lokalisering, arrangementsmessige tilhøve, fasilitetar for publikum, presse m.m.

4.2 Omgrep i forhold til aktivitet

4.2.1 Idrett

- Alle konkurranseidrettar som har oppnådd anerkjenning innanfor den organiserte idretten, og andre aktivitetar som ikkje på prinsipielle måtar skil seg ut frå desse.
- All trening som siktar mot vedlikehald eller utvikling av den idrettslege prestasjonsevna.
- Trimaktivitet der prestasjonsnivået kan spele ei mindre rolle enn det å gjere ein tilfreds der og då, og dei helsemessige verknadene som aktiviteten gir.

4.2.2 Friluftsliv

Opphald og aktivitetar i friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving, og med hovudvekt på ei kjerne av ikkje konkurranseprega, og ikkje motoriserte fritidsaktivitetar som blir drivne i allment tilgjengelege område.

4.3 Aktivitet

Tala er henta frå kulturmiddelsøknaene 2004.

4.1.1. Idrettslag (tilslutta NIF):

- ROVDE IDRETTSLAG:
Medlemstal: 128



Aktivitetar: Fotball, friidrett, langrenn, herretrim, fjelltrim

□ SYVDE IDRETTSLAG:

Medlemstal: 135

Aktivitetar: Friidrett, skiaktivitetar, herretrum, dametrum, line-dance, bading, fjelltrim

□ FISKÅ IDRETTSLAG:

Medlemstal: 191

Aktivitetar: Ski/ langrenn, familiebading, badminton, orientering, dametrim, herretrim, fjelltrim

□ ÅHEIM IDRETTSLAG:

Medlemstal: 220 (1998)

Aktivitetar: Fotball, ski/ langrenn, friidrett, trimaktivitetar

□ VANYLVEN IDRETTSLAG:

Medlemstal: 80

Aktivitetar: Volleyball

□ VAN KAM F.K

Medlemstal: 145

Aktivitetar: Fotball

□ ÅRAM/ VAN KAM F.K.

Medlemstal: 35

Aktivitetar: Fotball

□ ÆGIR DYKKERKLUBB

Medlemstal: 89

Aktivitetar: Dykking, undervannsjakt, vannski, familiebading

□ SYVDE SPORTSKYTTLARLAG

Medlemstal: 44 (1998)

Aktivitetar: Skyting; rifle, pistol, luftgevær

□ ÅHEIM OG OMEIGN SPORTSKYTTLARLAG

Medlemstal: 11 (1998)



Aktivitetar: Skyting; rifle, pistol, luftgevær/pistol

□ ÅRAM IDRETTSLAG

Medlemstal: 175

Aktivitetar: Fotball, trim, fjelltrim (1999)

4.3.2 Skyttarlag

□ SUNDNES SKYTTARLAG

Medlemstal: 124

Aktivitetar: Skyting; bane, felt, skifelt

□ SYVDE SKYTTARLAG

Medlemstal: 197

Aktivitetar: Skyting; bane, felt

□ SANDNES SKYTTARLAG

Medlemstal: 54 (1998)

Aktivitetar: Skyting; bane, felt/ jegerfelt

□ FISKÅ SKYTTARLAG

Medlemstal: 126

Aktivitetar: Skyting; bane, felt/jegerfelt

□ DALANE SKYTTARLAG

Medlemstal: 153

Aktivitetar: Skyting; bane, felt/ jegerfelt

□ ÅRAM SKYTTARLAG

Medlemstal: 7 (1999)

Aktivitetar:

5 ANALYSE AV BEHOV FOR ANLEGG, OMRÅDE OG FYSISK TILRETTELEGGING. KORTSIKTIG FOR 2004-2008 OG LANGSIKTIG FOR 2004-2014.

5.1 Idrettsanlegg

5.1.1 Fotball



I kommunen har vi no:

- Grusbane på Rovde og på Eidså
- Grasbaner på Eidså og på Åheim
- Skuleidrettsbaner på Åheim, i Syvde og på Fiskå
- Treningsfelt/grusbane på Åheim
- Olivinhallen (turneringar og vintertrening)
- Grusbane på Åram
- Grusbane på Åheim (avlastningsbane, Løvoll)
- Skuleplassen på Myklebust skule, Syvde

Innmeldte/ registrerte behov 2004:

- Klubbhus- Eidså (Van-Kam F.K./ Åram-Van-Kam F.K.)
- Klubbhus- Åheim idrettsbane
- Treningsfelt gras – Eidsåvoll
- Opprustning av grusbana/ skuleidrettsbana ved Fiskå skule

5.1.2. Volleyball

I kommunen har vi no:

- Olivinhallen
 - Gymnastikksalen i Syvde
 - Gymnastikksalen på Rovde
- (desse to overheld krava for seriekampar i Volleyball, men det er knapt friareal)
- Eidsåtn, Eidså (manglande takhøgde)
 - Gymnastikksal, Åheim (manglande takhøgde og utan friareal)
 - Gymnastikksal, Fiskåbygd (manglande takhøgde og breidde)
 - Gamle gymsal, Myklebust skule (kan nyttast til trim o.l.)
 - Gymnastikksal, Åram skule
 - Sandvolleyball: 2 baner i Syvde

Ikkje registrerte behov i forhold til volleyball i 2004.

5.1.3 Handball



I kommunen har vi no Olivinhallen. Det var elles ikkje registrerte behov ved rulleringa i 2004.

5.1.4 Basketball

I kommunen har vi no:

- Olivinhallen (ei bane til trening, og ei til kamp)
- Gymnastikksalane ved skulane i kommunen
- Ballbinge på Myklebust
- Ballbinge på Åheim
- Ballbinge på Åram (under arbeid)

Det var ikkje registrerte behov til rulleringa i 2004.



5.1.5 Tennis

I kommunen har vi no:

Olivinhallen har oppmerka tennisbane. Ingen av gymsalane på skulane held måla til tennisbane med internasjonale mål. Ved å merke opp ei forminska tennisbane i dei største salane, vil ein likevel kunne ha glede av å spele tennis på trimnivå.

Det var ikkje registrerte behov ved rulleringa i 2004.

5.1.6 Badminton

I kommunen har vi no:

- Olivinhallen, her er seks baner oppmerka
- Myklebust skule, her er tre baner oppmerka
- Gymsalane på Fiskå og Rovde har ei oppmerka bane kvar
- Gymsalane på Åram og Åheim
- Ballbingane på Åheim, Åram (under arbeid) og i Syvde

Registrerte behov til rulleringa i 2004.

- Badmintonbane på Myklebust skule

5.1.7 Friidrett

I kommunen har vi no:

- Olivinhallen –styrketreningsrom og ein del vintertrening
- Gymsalane på Rovde, Syvde, Eidså, Fiskå og Åheim skule kan nyttast til trening og ein del tekniske øvingar
- Utandørsanlegg:
 - ein del øvingar kan utførast på banene (Rovde, Syvde, Eidså, Fiskå, Sylte, Åheim og Åram).
 - Friidrettsbane (delanlegg) –grus med tekniske anlegg på eidså



Innmelde/registrerte behov ved rulleringa 2004:

Utandørs:

- Delanlegg for friidrett, Åheim idrettsbane (rundløpebane og anlegg for tekniske øvingar)
- Friidrettsanlegg for tekniske øvingar, Fiskå
- Friidrettsanlegg for tekniske øvingar, Rovde
- Rehabilitering av løpebane på Eidsåvoll
- Friidrettsanlegg for tekniske øvingar, Åram skule

Analyse av behov:

Dei innmeldte/registrerte behova ville vere med på å stimulere til meir friidrettsaktivitet, og anlegga har god geografisk spreing. Enkle anlegg for tekniske øvingar bør kunne opparbeidast av laga. Skal ein derimot satse på rundløpebane og tilrettelegging fullt ut for friidrett, bør dette kunne avgrensast til eitt anlegg i kommunen.

I 2004 finst det ikkje konkrete planar om utbygging, og tiltak i denne kategorien bør difor vurderast å ta med i det langsiktige handlingsprogrammet.

5.1.8 Ski

I kommunen har vi no:

a) Langrenn:

- Provosorisk lysløype i Sørдалen, Syvde
- Lysløype, Eidså
- Lysløype (kort) ved Fiskåbygd skule
- Lysløype, Øverberg, Syvde
- Lysløype, Duestøylen/Almklovdalen, Åheim
- Lysløype, Åheim (i tilknytning til nærmiljøanlegget v/ skulen)

Innmeldte/ registrerte behov 2004:

- Lysløype, Rovde (i tilknytning til Sundnes skytebane)
- Lysløype, Fiskå (i samarbeid med Eidså v/ skytebana på Lilleide)



- Rydding av løypetrasear og bygging av bruer/ klopper på strekninga Øverberg-Rota.

Det er også meininga at dette skal tilretteleggjast for handikapa.

b) Alpinanlegg:

Situasjonen no:

- Skitrekk, Øverberg, Syvde
- Varmestove/ garasje i tilknytning til Øverberg skisenter
- lys i slalombakken på Øverberg skisenter i Syvde.

Ingen innmeldte behov ved rulleringa 2004.

c) Hoppanlegg:

Situasjonen i 2004: ikkje noko hoppanlegg i kommunen.

Innmeldt behov: hoppanlegg på Øverberg skisenter i Syvde.

d) Anlegg for skileik:

Situasjonen i 2004:

ikkje anlegg i Vanylven kommune.

Innmeldte behov i 2004:

- Utbygging av eit anlegg for skileik i tilknytning til skianlegga på Øverberg i Syvde
- Bygging av eit lite anlegg for skileik på Fiskå

Analyse:

Kommunalt engasjement i anlegg av denne kategori, bør avgrensast til å gjelde nærmiljøanlegg for skileik i Vanylven

5.1.9 Orientering

I 2004 var situasjonen slik:

- O-kart, Øverberg, Syvde
- O-kart, Lilleide, Fiskå/ Eidså
- Skulekart/ nærmiljøkart, Åheim



Innmeldte/ registrerte behov 2004:

- Skulekart/ nærmiljøkart, Åram

5.1.10 *Symjing/ Dykking*

Situasjonen no:

- Symjebasseng på Myklebust skule i Syvde (12,5x10,5 m)
- Symjebasseng på Åheim skule (12,5 x 8 m)

Registrerte behov:

Rehabilitering av symjeanlegget ved Åheim skule

Analyse:

I planperioden må det utarbeidast planar for rehabilitering av bassengen ved Åheim skule, men slik den økonomiske stoda er, blir gjennomføring i perioden problematisk.

5.1.11 *Anlegg for skøytelep*

Situasjonen i 2004:

ikkje noko anlegg i kommunen. Nokre av banene har likevel islagt rundbane i kalde periodar, m.a. Eidså, Fiskå og Åram.

Innmeldt behov i 2004;

tilrettelegging for rydding og sprøyting av grusbane i kommunen og eventuelt ballbingane.

5.1.12 *Sportsskyting*

Situasjonen i 2004:

- Miniatyrskytebane på Rovde (Rovdetun)
- Miniatyrskytebane i Syvde (på Myklebust skule).
- Pistolbane m/ skivetrekk på Åheim (Dalane pistollag)

Innmeldte/ registrerte behov i 2004:

- 50 m bane for miniatyrskyting rifle (Syvde sportsskyttarlag)
- 25 m bane for pistolskyting (Syvde sportsskyttarlag)



- Miniatyrskytebane i Olivinhallen (Åheim og omeign sportsskyttarlag)
- Miniatyrbane på Myklebust skule – oppgradering og rehabilitering (Syvde skyttarlag)
- Pistolhus/ standplass på Lisjeeide, Syvde Sportskyttarlag

5.1.13 Motorsport – anlegg for Trail

Situasjonen i 2004;

ikkje noko anlegg i kommunen, men det er laga ei provosorisk gokartbane på Fiskeholmen.

Ikkje innmeldte behov til rulleringa 2004.

5.1.14 Golf

Sitasjonen i 2004;

Golfbana på Eidså vart bygd med 6 hol. I dag er det ei flott 9-hols bane. Det ligg ikkje føre planar for vidare utviding.

Ingen innmeldte/ registrerte behov ved rulleringa i 2004.

5.1.15 Andre idrettar

Situasjonen 2004:

- Liten rampe for rullebrett på Fiskå

Innmeldte behov i 2004:

- Klatrevegg i Olivinhallen
- tilrettelegging for diverse nye idrettar i kommunen (t.d. judo, karate, twakondo m.m.)
- enkle anlegg for rollerblades og eller skateboar

5.2 Anlegg for skyting

5.2.1. Sundnes skyttarlag

Har bane og klubbhus i 1998, meldte inn areal til felt, skifeltskyting og skiskyting som behov. Analysen sa at sikring av areal bør vere ei sak mellom aktuelle grunneigarar i området og Sundnes skyttarlag.



5.2.2 Syvde, Sandnes og Fiskå skyttarlag

I 2004 har ein bane med standplasshus. Klubbhus med lager for HV i kjellaren er ferdig.

Innmeldte/registrerte behov i 2004:

- Lilleeide skyttarstadion –oppgradering og rehabilitering (Fiskå, Sandnes og Syvde skyttarlag)
- Feltstandplass til feltskyting
- Løyper til skifeltskyting
- Løyper til skyting med skogsløp
- Bane til pistolskyting*
- Bane til 50 m. miniatyr*
- Bane til leirdueskyting**
- Bane til 100 m løpende hjort**

[(*) I samarbeid med Syvde sportskyttarlag, (**) I samarbeid med Vanylven jeger –og fiskeforening]

5.2.3 Dalane skyttarlag

I 2004 har skyttarlaget bane m. standplass. Registrerte behov var klubbhus, støttebukkar på 15 m, 25 m og 50 m.

5.3 Anlegg/område for friluftsliv

Vanylven kommune har store område som gir folk flest moglegheit til å drive med friluftsliv. Det er også ei stor interesse for friluftsliv i kommunen. Problemet her er at det er vanskeleg å få vite kva folk driv med ettersom større delen av friluftslivet er uorganisert.

Vi veit at det er sunt både for den fysiske og psykiske helsa å vere ute i frisk luft, røre på seg og å oppleve naturen på ulike måtar. Difor må vi legge høva til rette for folk slik at dei kan dyrke ulike friluftaktivitetar.



5.3.1 Turgåing i nærmiljøet (turstiar)

Det er viktig å leggje forholda til rette for at menneske med forskjellige forutsetnader kan ha høve til turar i nærmiljøet utan å må gå langs trafikert veg.

Situasjonen 2004:

Det er ikkje turstiar i Vanylven kommune

Innmeldte behov, 2004:

- Tursti på Fiskå (NHF Vanylven, Fiskå krinsstyre og Fiskå I.L)
- Tursti langs Åheimselva (NHF Vanylven)
- Tursti frå Sandvikdalen og over til Brandal (NHF Vanylven)
- Veg heilt ned til Vikavatnet på Slagnes (NHF Vanylven)
- Borklegging av utbygde lysløype-trasear
- Løypetrase, Øverberg-Rota

5.3.2 Fjellturar

Det er svært populært å gå i fjellet og det finst mange gamle stiar i kommunen. Fjella i kommunen er svært godt eigna for dagsturar, og ein må rekne med at interessa for kortare fjellturar kjem til å auke i framtida. Arbeidet med fjellpostar er eit godt friluftslivstiltak som har positiv verknad på folk si helse. Målet må vere å få til eit nett av turstiar som dekkjer alle fjellområda i kommunen. Dei skal vere lett tilgjengelege med parkeringsmulegheiter der dei byrjar. Dei skal vere i god stand, merka og skilta. Det skal finnast kart over turvegnettet som er tilgjengeleg for folk flest.

Nokre stiar finst i dag på eit turkart over kommunen, og desse er skilta og merka i terrenget. Det er ordna med parkeringsplassar på fleire stader i fjeller, men desse er også for hytteigarar og andre brukarar av fjellet. Det finst ein plan for utviding av talet stiar på turkartet.

Behov for tilrettelegging 2004:

- Det må finnast parkeringsplassar ved alle endepunkt i turvegnettet, der det også må finnast informasjonstavle.



- Fleire stiar må også bli merka og skilta.
- Rydding og tilrettelegging av stiar som går på uhøvelege plassar. Stiane må leggest slik at dei vert tilpassa natur –og brukstilhøve. Kart –og informasjonsmateriell må finnast tilgjengeleg for alle.
- Toalettmuligheter, Almklovdalen –Rota
- Informasjonstavler, kart, vegvisarar og stadnamnmerking; dette må opprettast på parkeringsplassane, og ein må få vegvisarar på delingspunkta. Merking av stadnamn som finst ved turstiane er også viktig.

5.3.3 Skiturar

Om vinteren er det populært å gå på skiturar, framfor alt i området mellom Almklovdalen og Sjørdalen. Ved skisenteret er der ein stor parkeringsplass. Skiløyper blir køyrt opp kvar vinter.

Innmeldte/ registrerte behov 2004:

- Merking av skiløyper og informasjonskart til publikum
- Bygging av løypetrase strekninga Øverberg – Rota

I forhold til drift er det viktig at skiløypene på strekninga Øverberg – Rota vert køyrd opp når forholda ligg til rette for det.

5.3.4 Bær og sopplukking

I kommunen finst det molte, blåbær, tyttebær og mange sortar sopp som kan vere interessant å plukke. Det er dei lokalkjende som finn fram til plassane dei veks på. At ein skal kunne gjere noko tilrettelegging for folk flest er ikkje meldt inn som behov i 2004.

5.3.5 Naturstudier/ naturfotografering

Det er mange som har spesialinteresser i naturen, som t.d. ornitologar og geologar m.fl. På stader som har stor interesse for naturstudier og fotografering, kan ein tenkje seg ei tilrettelegging for dette. I Vanylven er det framfor alt skilting og kart som kan vere aktuelt. Det bør skje i tilknytning til turstiar m.m.



5.3.6 Bading og soling

Situasjonen i 2004:

- Sandviksanden
- Badeplass ved sørenden av Sördalsvatnet
- Vika på Fiskå
- Der er badeplassar der det vert teke vassprøver på regelmessig basis

Registrerte/ innmeldte behov 2004:

- Sandviksanden; tilrettelegging for parkering, avgrensing av motorisert ferdsel/
oppmerking
- Vidnes-sandområdet –tilrettelegging
- Ta vare på å sikre "Vika" (Fiskå) og andre lokale badeplassar

5.3.7 Båtliv

Båtlivet i Vanylven er dominert av folk frå bygda som har egne båtplassar og som vanlegvis dreg ut frå desse. Behovet deira for tilrettelegging er små. Ein må rekne med at det kjem til å bli eit aukande behov for gjesteplassar i hamnene i framtida.

Behov for tilrettelegging i 2004:

- Det bør finnast gjesteplassar i nokre småbåthamner i kommunen –på Åheim, Fiskå, Rovde, Syvde og Åram
- Det bør finnast sjøsettingsramper/ opptrekks plassar for dei som kjem med båtar på tilhengarar

5.3.8 Sportsfiske

Moglegheitene til sportsfiske er svært gode i kommunen. Det finst eit utal av fjellvatn med aure, tre lakselver, mange små elver med sjøaure og eit rikt fiske i sjøen. Utanom lakseelvane er det meste fisket drive av lokalbefolkninga, men ein kan rekne med at det blir fleire utanfrå som kjem til å interessere seg for å kunne fiske i kommunen.



Laksefiske:

I Åheimselva, Oselva og Vikeelva er det sal av fiskekort, og fisket er difor tilgjengeleg for alle. På grunn av vasskraftutbygging har fisket i Vikeelva vorte dårlegare. Åheimselva er også påverka av kraftutbygging, men der har fisket halde seg på eit høgt nivå.

Elveeigarlaga i Syvde og på Åheim har drive kultiveringsarbeid i elvane, og det har blitt saga ned tre/ greiner og rydda langs med elvane for å gjere fiskeplassane lettare tilgjengeleg. Ved Oselva i Syvde og ved Åheimselva er det lagt til rette for funksjonshemma brukarar.

Fiske i sjøen:

Ved sidan av yrkesfisket er det også eit rikt husbehovsfiske i Vanylvsfjordane. Det blir fiska på mange ulike måtar; frå stangfiske til fiske med garn og line. Dette fisket blir lokalt drive mest frå båt. Det er få plassar som eignar seg for fiske frå land, og det skal lokalkjennskap til for å finne desse. **Det er ikkje gjort noko tilrettelegging for sportsfiske på sjøen.**

Behov for tilrettelegging 2004:

- Ordne med parkeringsplassar og stiar til gode plassar frå fiske til land
- Bygging av ramper for å sette ut båtar til tilhengarar, og frysemoglegheiter for folk som kjem utanfrå
- Sikre allmenn tilgong til saltvannsfiske

Innlandsfiske:

Det finst fiskekort til nokre vatn, men for dei flest er det ikkje krav om fiskekort. For å vite om det er fritt fiske eller om det berre er grunneigarane som kan diske i eit vatn, må ein vere lokalkjend. Kor mykje det vert fiska i vatna varierer sterkt, og sameleis storleiken og kvaliteten på bestanden.

Behov for tilrettelegging 2004:

- Kartlegging av fiskebestanden, utfisking, utsetting av fisk og tilrettelegging av gyteområde
- Få utarbeidd kart over vatna og kvar ein har lov til å fiske



5.3.9 Jakt

Jakt er ein populær aktivitet i heile kommunen. Det blir jakta på hjort, rype og småvilt. Jakta er organisert i jaktlag og blir regulert av viltnemnda.

Innmeldte/ registrerte behov 2004:

- Felles jaktkort for alle aktuelle fjellområde i kommunen

5.3.10 Sykkelturar

Situasjonen i 2004:

Det finst nokre korte sykkel og gangvegar i kommunen. Når det gjeld terrengsykling finst det ikkje noko anlegg i kommunen. Det er heller ikkje registrerte behov i forhold til terrengsykling ved hovudrulleringa i 2004.

Behov for tilrettelegging for sykling 2004:

- Få til eit sykkelvegnett i alle tettstadane som gjer det mogleg å sykle utan at ein må sykle etter gjennomfartsvegar.
- Tilrettelegging for fleire sykkelstiar

5.3.11 Rideturar

Ein kan ikkje sjå at det er behov for tilrettelegging i 2004, det er ikkje innmeldte behov.

5.3.12 Annan leik og mosjon

Dette inkluderer rullebrett, rulleskøyter, rollerblades, frisbee m.m. Når nye interesser dukkar opp skal ein også ha moglegheit til å hjelpe til med tilrettelegging for desse.

Situasjonen i 2004:

Det er ein liten rampe for rullebrett ved Fiskå skule.

Innmeldte behov 2004:

- Gapahuk på austsida av Brudavikvatnet; rehabilitering og oppgradering (Nordstranda Grendalag)



5.3.13 Ekstremспорт

I dag har det vore populært å drive med det som kan kallast for ekstremспортar; blant anna dykking, fjellklatring og paragliding. I Vanylven er det berre dykking som er blitt etablert enno, men det kan finnast potensiale for andre av desse sportane som kan bli aktuelle i framtida.

Innmeldt/ registrert behov 2004:

- Aktivitetskart over stader som er eigna for denne type aktivitet. (t.d. kvar dei gode dykkeplassane er, eller kva stader som er eigna for paragliding)

Dykking:

Dykking blir drive på mange plassar i fjordane i kommunen, og det finst også ein lokal dykkarklubb. Det bør takast omsyn til dei gode dykkar-plassane i kommunen i all planlegging, og ein bør også arbeide for å gjere desse plassane lett tilgjengelege.

Registrerte/ innmeldte behov 2004:

- sikring av dei gode dykkerplassane – ettersom dykking berre kan føregå på grunt vatn er det viktig at desse blir verna mot fiskeoppdrett, utbygging, avløp, m.m.
- informasjon om dykkerplassane

Fjellklatring utandørs:

Det har opp til no ikkje vore noko større aktivitet i kommunen, men det er truleg ein del fjell som kan vere eigna for dette. Tilrettelegging for fjellklatring har låg prioritet.

Innandørs klatring i klatreveggar:

Slik aktivitet har blitt meir og meir populær. Olivinhallen er forlenga med 1 m slik at det kan byggast klatrevegg på den eine vegg i hallen.

Innmeldte behov 2004:

- bygging av klatrevegg i Olivinhallen
- vurdere del-løysingar på skulane



Paragliding:

Det har hittil ikkje vore så stor aktivitet på dette området, men det finst stader i kommunen som kan vere eigna.

5.3.14 Hytter

Kommunen bør engasjere seg meir i forhold til tilrettelegging for hyttebygging. Ved tilrettelegging som også kjem til å blir brukt av hyttebuarane skal ein ta omsyn til dette slik at det ikkje blir konflikt mellom ulike brukarinteresser.

Innmeldte/ registrerte behov, 2004:

- det bør utarbeidast reguleringsplanar for aktuelle utbyggingsområde. Dette for at utbygginga kan sjåast i samband med området den skjer i, og vere til minst mogleg skade for naturen og miljøet. Ein får også klare reglar av omsyn til m.a. storleik, utslepp m.m.

5.3.14 Snøscooter

Om vinteren er snøscooter eit alternativ for handikappa til å kome seg ut i naturen. Snøscooter blir og brukt til nyttebruk som t.d. oppkøyring av skiløyper og frakting av folk som blir skada i fjellet om vinteren.

Det er viktig at bruk av snøscooter vert avgrensa, og gjeldande lovverk på området skal følgjast. Det er viktig å hindre at slik motorisert ferdsel ikkje er til skade for natur og miljø.



6 Arealbehov

Mange av anlegga som var skisserte i rulleringa frå 1998, var i 2004 ferdige. Vi har difor i dette kapitlet teke utgangspunkt i innmeldte/ registrerte behov, samt dei anlegga som ikkje er ferdige/ gjort noko med i forhold til 1998-rulleringa:

6.1 Arealbehov – nærmiljøanlegg

6.1.1 Nærmiljøanlegg, Åram skule

Ballbingen på Åram er forventa ferdig ved utgangen av 2004.

6.1.2 Turistprosjekt på Fiskå

Her må ein inngå frivillig bruksavtale med aktuelle grunneigarar i området.

6.1.3 Tursti langs Åheimselva

Her må ein inngå ein frivillig bruksavtale med aktuelle grunneigarar i området.

6.1.4 Tursti frå Sandvikdalen og over til Brandal

6.1.5 Veg heilt ned til Vikavatnet, Slagnes

6.1.6 Klatrevegg i Olivinhallen

Olivinhallen vart utbygd med 1 m med det formål at det skulle vere plass til ein klatrevegg. Slik sett er det ikkje yttarlege arealbehov i forhold til dette prosjektet.

6.1.7 Skileikområde – Øverberg skisenter

Det må utarbeidast plan for sikring av areal til dette tiltaket. Området som er planlagt nytta, ligg inntil alpintraseen, og må såleis takast inn i arealdelen av kommuneplanen. Viser elles til pkt. 5.1.

6.1.8 Skileikområde i tilknytning til skulane

Ved skulane bør det vere mogleg å legge til rette for mindre skileikområde. Ein bør difor arbeide for å inngå bruksavtalar med aktuelle grunneigarar.

6.1.9 Skitrase Øverberg-Rota



6.2 Arealbehov – friluftsliv

Friluftslivet er i stor grad knytt til fjell og utmark, og det er mange brukarinteresser som rettar seg mot utmarka:

- Bøndene si utnytting av naturressursane til næringsformål
- Innbyggjarane i Vanylven sitt behov for jakt, fiske og anna friluftsliv
- Samfunnet sitt behov for elektrisk kraft, vegbygging m.m.
- Interesser knytt til freding til ulike formål

Interessene kan verke sprikande. I dei fleste høve er det likevel slik at samanfallande interesser er sterkare enn brukarinteressene. Samarbeidet gir betre resultat enn konflikttenking.

Det er viktig for grunneigarane og ålmenta å verne om naturen si produktive evne. Arealdisponeringa må difor ikkje skje i eit allsidig og langsiktig perspektiv. God kjennskap til lover og reglar for ferdsel i naturen, og utnytting av naturressursane, er vesentleg for å unngår brukskonflikter og skade på naturen.

6.2.1 Sandviksanden

Behov for trygg og god parkering. Skilje mellom område for motorisert ferdsel og bading.

6.2.2 Kart, informasjonstavler, vegvisarar, stadnamnmerking

Ikkje spesielle arealbehov. Ved tilrettelegging av turisme bør planlegginga skje i nært samarbeid med grunneigarane

6.2.3 Gapahuk på austsida av Brudavikvatnet/ rehabilitering og oppgradering

Gapahuken er allereie sett opp. Arealbehov må difor sjåast i samband med oppgradering og rehabilitering.



7 Miljø og estetikk

7.1 Mål

Anlegg og aktivitetar innan idrett og friluftsliv må tilpassast natur og miljø. Estetiske verdiar må vektleggjast ved bygging av idrettsanlegg.

7.2 Tiltak

Lokalisering av bygningar og anlegg for idrett og friluftsliv må ta omsyn til natur og miljø. Utbygginga må slutførast slik at det vert planta, planert o.l. med sikte på å vinne tilbake mest mogleg av dei opprinnelege terrengformene. Grøntområde for lek og fritidsaktivitetar i og ved bustadområde, skular, barnehagar og andre offentlege område må takast vare på og haldast ved like på ein skikkeleg måte.

Anlegg og område for idrett og friluftsliv bør lokaliserast slik at det vert positiv kopling med kulturminne og kulturlandskap. Aktivitetar og arrangement innan idrett og friluftsliv må leggjast til rette slik at naturmiljøet ikkje vert skadelidande. Miljø og estetikk bør vektleggjast alt ved førehandsgodkjenning av anlegg.

8 Drift og vedlikehald

8.1 Driftsplanlegging og økonomistyring

Det er i dag eit plankrav for offentlege tilskot til bygging av idrettsanlegg og anlegg for friluftsliv, at søkjaren har utarbeidd ein realistisk driftsplan.

Ein slik plan skal innehalde:

- plan for bruk av anlegget, for drift og vedlikehald
- informasjon om brukstid og brukargrupper
- informasjon om korleis anlegget/bygget skal administrerast og drivast, samt oppgåver over forventa driftsinntekter og driftsutgifter

Driftsinntektene vert delte inn i:

- leigeinntekter ved arrangement (og treningar)



- offentlege tilskot
- reklameinntekter
- andre inntekter (div. sal o.l.)

Driftsutgiftene vert delte i:

- kapitalkostnader
- personalkostnader
- energiutgifter
- utstyr
- vedlikehald
- kommunale avgifter, forsikring m.m.

Kommunen skal ha driftsplanen til uttale og godkjenning i samband med handsaminga av søknader om tilskot.

Kvart anlegg skal ha sitt eige anleggsrekneskap. Økonomiansvarleg i søkjarorganisasjonen er til ei kvar tid ansvarleg for at budsjettet for anleggsutbygginga vert halde, og at nødvendige justeringar vert formelt handsama og godkjent i dei organa som er part i utbygginga.

8.2 Kommunalt driftstilskot

Vanylven kommune gir i dag (2004) driftstilskot til grasbanene i kommunen. I tillegg går sjølvsagt ein del av kulturmidlane som laga får, også m.a. til diverse vedlikehald og drift av anlegga. Olivinhallen skulle i utgangspunktet drivast etter "forretningsmessige" prinsipp, og driftsstyret si målsetting var å drive hallen på ein slik måte at ein har økonomisk balanse. Dette har i seinare tid vist seg vanskeleg, og kommunen må dekkje eit relativt stort underskot kvart år. Driftsstyret er no avvikla. Det er pr. dato fleire uavklara organisatoriske forhold knytt drifta i Olivinhallen.

Det bør vere ei viktig oppgåve for kommunen å stimulere laga til å ta godt vare på idrettsanlegga, slik at nedlagde investeringar i eksisterande anlegg kan utnyttast maksimalt.



Ved at kommunen yter tilskot til vedlikehald og drift av anlegga, kan meir av dei økonomiske og menneskelege ressursane idrettslaga rår over, nyttast til aktivt idrettsarbeid.

Driftstilskot til kostnadskrevjande anlegg og til anlegg som har mykje å seie for kommunen bør innarbeidast i budsjettet. Kulturstyret fastset storleiken å drifts –og vedlikehaldstilskota gjennom behandling av årsbudsjett og økonomiplan, og det bør utformast eigne retningslinjer for slike tilskott.

Ut over dette er det svært vanskeleg å setje opp driftskostnader på dei anlegga som er med i planen. For ein del av anlegga er det sett opp driftsplan (dei som det alt er søkt om spelemidlar til), men for andre er det enno ikkje utarbeidd konkrete utbyggingsplanar. Grunnspørsmålet er, for nokre, heller ikkje avklara.



9 HANDLINGSPROGRAM

9.1 Handlingsprogram, kortsiktig del 2004-2008

Handlingsprogrammet skal leggest til grunn for prioritering av søknader om tilskot frå spelemidlane. Kva anlegg ein til slutt gjev tilskot til er avhengig av fleire faktorar, m.a. kommunen sin økonomiplan og budsjett, grunnspørsmål og ferdig utarbeidde planar. Det er også slik at det er fylket som til slutt bestemmer kva for tiltak som blir prioritert, lista som blir sett opp kommunevis fungerer berre som eit rettleiande dokument.

Teiknforklaringar:

- KO = Totalkostnad (i 1000 kr)
K = Kommunal andel (i 1000 kr)
SP = Spelemidler (i 1000 kr)
PR = Private midlar (i 1000 kr)
ÅR = Byggestart år
* = tala er frå 1998
** = tala låg ikkje føre under hovudrulleringa i 2004

9.1.1 ORDINÆRE ANLEGG

Anleggstype	Stad	Eigar	KO	K	SP	PR	ÅR
Klatrevegg	Olivinhallen	Vanylven kommune	500	220	167	20	2005

9.1.2 NÆRMILJØANLEGG

Anleggstype	Stad	Eigar	KO	K	SP	PR	ÅR
Ballbinge	Åram	Vanylven kommune	445	----	200	240	2004
Ballbinge	Fiskåbygd	Vanylven kommune	537	----	200	337	2005
Skileikområde*	Øverberg skisenter	Syvde IL	120		60	60	2005
Badmintonbane	Myklebust skule	Vanylven kommune	143	63,5	72	7,5	2005



9.1.3 REHABILITERING								
Anleggstype	Stad	Eigar	KO	K	SP	PR	ÅR	
Skytestadion**	Lilleeide	Fiskå, Sundnes og Syvde skyttarlag						
Miniatyrbane**	Myklebust skule	Syvde skyttarlag						

9.1.4 ANLEGG FOR SKYTING								
Anleggstype	Stad	Eigar	KO	K	SP	PR	ÅR	
Skytterstadion, oppgradering og rehabilitering**	Lilleeide	Fiskå, Sandnes og Sundnes skyttarlag						
Pistolhus/ standplass	Lilleeide	Syvde Sportskyttarlag	1646	----	550	45	2005	

9.1.5 FRILUFTSANLEGG								
Anleggstype	Stad	Eigar	KO	K	SP	PR	ÅR	
Tursti**	Fiskå							
Tursti**	Åheim							
Tursti**	Sandvikdalen til Brandal							
Tursti**	Ned til Vikavatnet, Slagnes							
Gapahuk**	Brudevikvatnet	Nordstranda Grendalag						
Kart, infotavler, stadnamnmerking**	Heile kommunen	Samarbeid m. Kommunen, IL, krinsstyra						
Løypetrase**	Øverberg-Rota	Syvde I.L.						



9.2 Handlingsprogram langsiktig del 2004-2014

Ei uprioritert liste over aktuelle utbyggingsoppgåver/ registrerte behov i Vanylven kommune frå lag og organisasjonar for perioden 2004-2014.

9.2.1 ORDINÆRE ANLEGG

Anleggstype	Stad	Eigar/ utbygger
Symjebasseng, Rehabilitering	Åheim skule	Vanylven kommune
Klubbhus	Åheim stadion	Åheim IL
Delanlegg friidrett	Åheim stadion	Åheim IL
Friidrett, anlegg for tekniske øvingar	Åram, Rovde, Fiskå og Syvde	Idrettslaga

9.2.2 ANLEGG FOR SKYTING

Anleggstype	Stad	Eigar/ utbygger
50 m bane miniatyr 25 m bane pistolsk.	Lilleeide skytebane	Syvde Sportskyttarlag
Feltstandplass til feltskyting	Lilleeide skytebane	Fiskå, Sandnes og Syvde skyttarlag
Løyper, skifeltskyting	Lilleeide og Sundnes skytebaner	Skytterlaga
Løyper, skyting skogsløp	Lilleeide skytebane	Fiskå, Sandnes og Syvde skyttarlag
Bane til leirdueskyting	Lilleeide skytebane	Fiskå, Sandnes og Syvde skyttalag
Bane til 100 m "løp hjort"	Lilleeide skytebane	Fiskå, Sandnes og Syvde skyttarlag
Klubbhus	Gusdalen, Åheim	Dalane skyttarlag



9.2.3 FRILUFTSLIV

Anleggstype	Stad
Gjesteplasser i småbåthamner, Sjøsettingsramper	Småbåthamnene i kommunen
Kultiveringstiltak	Lakseelvane i kommunen
Kartlegging, utfisking, utsetting og tilrettelegging	Fjellvatna i kommunen

Andre aktuelle tiltak/ innsatsområde innan friluftsliv/ rekreasjon:

- Utarbeiding av kart over vatna og kvar ein kan fiske
- Arbeide for å få felles jaktkort i kommunen i forhold til småviltjakt
- Planlegge og bygge ut sykkelvegnett i alle tettstader
- Sikring av aktuelle dykkeplassar og utarbeide info om desse
- Planlegge og bygge ut gode rasteplassar for campingvogner og bobilar/ tilrettelegging for tømmingsplassar
- Få utarbeidd reguleringsplanar for aktuelle hytteområde
- Utarbeiding av aktivitetskart for Vanylven kommune

9.2.4 REHABILITERING

Anleggstype	Stad	Eigar/ utbygger
Symjebasseng	Åheim skule	Vanylven kommune
Løpebane	Eidsåvoll, Eidså	Vanylven kommune
Grusbana	Åram	Vanylven kommune



10 Vanylven kommune si prosjektprioritering for 2005

Dei øyremerka tippemidlane som ein kvart år kan søke på til ulike anlegg, fungerer lokalt i dag som den viktigaste føresetnad og motivasjon for planlegging og igongsetjing.

Alle søknadene om spelemidlar vert i kvart fylke ordna i 3 kategoriar;

- 1 Ordinære anlegg
- 2 Nærmiljøanlegg (er alle utandørsanlegg av ein viss storleik knytt opp til der folk bur).
- 3 Mindre kostnadskrevjande anlegg
- 4 Kostnadskrevjande anlegg (fleirbrukshallar, fotballstadion o.l.)

Alle søknader skal vere forankra i kommunal plan for anlegg og område for idrett og friluftsliv, og vere prioritert innan ein av desse fire kategoriane. Sist, men ikkje minst, dei prioriterte søknadene skal vere politisk godkjende på lokalt plan før dei vert sendt til fylket.

VANYLVEN KOMMUNE SI PROSJEKTPRIORITERING FOR 2005

1 Ordinære anlegg

TYPE	STAD	TILTAKSHAVAR	PRIORITET
Klatrevegg	Olivinhallen, Åheim	Vanylven kommune	1. prioritet
Pistolhus/ standplass	Lisjeeide skytebane	Syvde Sportskyttarlag	2. prioritet

2 Nærmiljøanlegg

TYPE	STAD	TILTAKSHAVAR	PRIORITET
Ballbinge	Åram skule	Vanylven kommune	1. prioritet
Ballbinge	Fiskåbygd skule	Vanylven kommune	2. prioritet

**3 Mindre kostnadskrevjande anlegg**

TYPE	STAD	TILTAKSHAVAR	PRIORITET
Badmintonbane	Myklebust skule, Syvde	Vanylven kommune	1. prioritet

